

Bergen, 27.04.2026

OPPSTARTSVARSEL MED PLANPROGRAM

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Bjørsvik landbasert akvakulturanlegg

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-9 blir det med dette varsla om oppstart av arbeid med reguleringsplan og høyring av planprogram for Bjørsvik landbasert akvakulturanlegg. Forslagsstillar er Lerøy Vest AS, avdeling Bjørsvik Settefisk. Fagkyndig konsulent er Multiconsult Norge AS. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for utviding av eksisterande settefiskanlegg. Det er planlagt etablert ny produksjonshall og nytt kaianlegg. Planen har som mål å auke kapasiteten, betre fiskevelferda, legge til rette for effektiv logistikk og redusere transport på veg.


Det vart gjennomført oppstartsmøte med Alver kommune 19.02.2026. Referat frå møtet ligg ved.

Planområdet

Planområdet omfattar eigedomane gnr. 231 bnr. 6–7, 26, 46–47 og 49 m.fl., med adresse Bjørsvikvegen 137 i Alver kommune.

Planen skal erstatte gjeldande reguleringsplan (PlanID 4631_1263-200704) og leggje til rette for ei berekraftig utvikling i tråd med nasjonale og kommunale mål.

Bjørsvik Settefisk ønskjer å utvide anlegget med ny produksjonshall på fylling i sjø. Tiltaket vil gi betre plass til fisken og styrkje fiskevelferda. Ny kai for større fartøy vil bidra til meir effektiv og skånsam uttransport av fisk. Tiltaka gir òg større fleksibilitet knytt til fiskestorleik og tidspunkt for utsetjing, og legg til rette for betre tilpassing til produksjonen i sjø.



Planarbeidet er vurdert etter *forskrift om konsekvensutgreiing*, og det er konkludert med at planen utløyer krav om konsekvensutgreiing (KU) og planprogram.

Frist for merknader er 6 veker frå kunngjort oppstart.

Det bør presiserast kva som er innspel til oppstartsvarselet og kva som er innspel til innhald i planprogrammet.

Planinitiativ, planprogram og referat frå oppstartsmøte med kommunen er tilgjengeleg på www.multiconsult.no/aktuelt under «Kunngjøringar», samt på Alver kommune si nettside.

Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Eventuelle merknader eller innspel til planarbeidet skal sendast skriftleg til: Multiconsult Norge AS, Nesttunbrekka 99, 5221 Nesttun, att: Astrid Vangdal, eller via e-post til Astrid.Vangdal@multiconsult.no.

Etter at innspelsfristen har gått ut, vil alle innspel bli vurderte og kommenterte, og eventuelt innarbeidde i planprogrammet. Planprogrammet skal deretter vedtakast politisk i kommunen og vil gi føringar for det vidare planarbeidet.

Når planframlegget er ferdig utarbeidd, blir det sendt til kommunen for politisk førstegongs handsaming. Etter vedtak om offentleg høyring blir planframlegget sendt til naboar og relevante offentlege instansar, og høyringa blir kunngjort på kommunen si nettside.

Med venleg helsing

Multiconsult



Astrid Vangdal

Vedlegg:

- Kart med forslag til varslingsgrense
- Planinitiativ
- Forslag til planprogram
- Referat frå oppstartsmøte
- Tilstandsrapport Byggmølle
- Tilstandsrapport Hovedbygning
- Kunngjeringsannonse
- Saksprotokoll Oppstart av detaljregulering og forslag til planprogram